



Møteprotokoll

Utval:	Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Solund kommune møterom
Dato:	02.06.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 10:30
Saksnr.:	003/26 – 004/26

Faste representantar som møtte:	Parti
Hilmar Blomkvist	
Sigurd Johan Eide	
Synnøve Solhaugen Engen	
Sølvi Songstad Waage	

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Anne Marie Gåsvær			

Møteleiar: Synnøve Solhaugen Engen

Møteinnkalling:	Innkalling datert 28. mai 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Sekretær Amund Fuglebakk Aglen
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Hilmar Blomkvist og Sigurd Johan Eide vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	Sekretær Amund Fuglebakk Aglen orienterte om saker til kommunestyremøte 11. juni 2026. Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne drøfta problema med ferja på Krakhella-Losna-Rutledal-Rysjedalsvika, mellom anna i pinsehelga. Solund

	fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne forventar eit fullverdigg og velfungerande ferjetilbod. Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne synar til tidlegare innspel om handtak i dusjen i idrettshuset. Heile dusjanlegget trengjer ein oppgradering. Bassenget bør også halde ein jamn og god temperatur.
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
003/26	Godkjenning av møteprotokoll
004/26	Skriv og melding

Underskrifter:

003/26: Godkjenning av møteprotokoll

Møtebok frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sitt møte 25. mars 2026 vert godkjent.

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtak.

E- 003/26 VEDTAK:

Møtebok frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sitt møte 25. mars 2026 vert godkjent.

004/26: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2026:

Felles framlegg til vedtak:

"Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ber om at skriv 1 "Manglande tenester i kommunen - frisør og fotpleie" vert sendt til Solund kommunestyret og at dei vert gjort kjent med problemstillinga. Tidlegare har kommunen hatt tenestene med hjelp av støtteordningar som gratis husleige, og aktivt oppmoda eigne tilsette om etterutdanning. Tilsvarande ordningar bør gjeninnførast og gjerast kjent.

Solund felles eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kommunen vurderer behovet og kapasiteten til ergo- og fysioterapitenesta no som ordinær bemanning er tilbake på plass, som omtala i skriv 3 "Fysioterapeut - Solund kommune".

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

E- 004/26 VEDTAK:

Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ber om at skriv 1 "Manglande tenester i kommunen - frisør og fotpleie" vert sendt til Solund kommunestyret

og at dei vert gjort kjent med problemstillinga. Tidlegare har kommunen hatt tenestene med hjelp av støtteordningar som gratis husleige, og aktivt oppmoda eigne tilsette om etterutdanning. Tilsvarande ordningar bør gjeninnførast og gjerast kjent.

Solund felles eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kommunen vurderer behovet og kapasiten til ergo- og fysioterapitenesta no som ordinær bemanning er tilbake på plass, som omtala i skriv 3 "Fysioterapeut - Solund kommune".